

Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde 19. mars 2021

Møtestad: Førdehuset Storsalen

SAKSLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2021 ved fungerande styreleiar Odd Skrede

Leiaren ønskte velkommen til møtet. 17 frammøtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader

Sak 2: Val av møteleiar

Odd skrede vart vald

Sak 3: Val av skrivar

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Hildur Hafstad Smådal og Esther Skei Klausen

vart vald

Sak 5: Styrets årsmelding for 2019 -2020

Møteleiaren gjekk gjennom årsmeldinga side for side, og bad om ev. merknader til kvart avsnitt. Det kom ingen vesentlege merknader, men nokre merknader om skrivefeil og tilføyingar,

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2019 og 2020

Kasserar Marloes Vos presenterte rekneskapa for begge åra.

Rekneskapet for 2019 viser eit overskot på kr 14 568,51. Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2019 er kr 93 764,95.

Rekneskapet for 2020 viser eit overskot på kr 21 017,23. Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2020 er kr 114 776,89.

Skanna kopiar av revisormeldingane frå Jon Gunnar Løland vart opplesne.

Vedtak: Rekneskapet både for 2019 og 2020 vart einstemmig godkjende.

Sak 7. Fastsette kursavgift 2021/2022

Vedtak: Kursavgifta for denne perioden vart fastsett til kr 250.

Sak 8. Arbeids- og aktivitetsplan for 2021/2022

Egil Nestande presenterte forslaget til Arbeids- og aktivitetsplan for perioden. Eit viktig moment i planen er samordning og prioritering av planlagde aktivitetar i høve til skisserte aktivitetar i prosjektet «Sunnfjordsk halvtime og data».

Sak 9: Godtgjedsle til tillitsvalde

Vedtak: Godtgjerdsle blir uendra, dvs. kr 300.

Sak 10: Budsjett for 2021

Kasseraren la fram eit budsjett som balanserer med ein sum på kr 82 530,00.

Vedtak: Budsjettet for 2021 vart einstemmig vedtatt, og ser slik ut:

	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	12 500,00	
Programvare + lisenser	5 000,00	
Kaffipengar	15 000,00	
Tilskot	50 000,00	
Finansinntekter (renter)	30,00	
Godtgjersle til instruktører + medhjelparar		26 000,00
Servering		15 000,00
Utstyr		15 000,00
Drift		10 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		1 200,00
Lokal leie		0,00
Reiseutgifter		10 000,00
Andre utgifter		5 130,00
Finanskostnader (bankgebyr)		200,00
Resultat	0,00	
Sum	82 530,00	82 530,00

Sak 11: Eventuelt andre saker

Ingen andre saker var innmeldt til årsmøtet.

Sak 12: Val

Bjørge Ladehaug la fram valnemndas innstilling, som er slik når det gjeld styre og valnemnd:

Styre:

Styreleiar	Bjørge Ladehaug	ny, 1 år
Styremedlem	Ellinor Kvalstad	ny, 2 år
Styremedlem/kasserar	Marloes Vos	attval for 1 år
Varamedlem:	Aslaug Vårdal Igelkjøn	ny, 1 år
Revisor	Jon Gunnar Løland	attval 1 år

Valnemnd:

Leiar	Esther Skei Klausen	ny, 1 år
Medlem	Kari Husabø Sandvik	ny, 1 år
Medlem	Helge Hovland	ny, 2 år
Varamedlem	Aud Nygård	ny, 1 år

Alle styrevala vart gjort med akklamasjon.

Egil Nestande
Referent

Odd Skrede

Hildur Hafstad Smådal

Esther Skei Klausen